

Fra: Siril Sylta
Sendt: 25. september 2014 07:38
Til: 'heidi@bestefarstova.no'
Emne: SV: Setje inn vindu i einebustad

Hei.

Viser til din førespurnad i e-posten under.

Slik du skisserar fasadeendringa, er dette etter vår vurdering eit tiltak som er unntatt søknadsplikt etter plan- og bygningslova § 20-3 1.ledd bokstav e.

Det vert presisert at denne vurderinga gjeld det som er skissert under, med vindaug i den storleiken som er vist, ca 60x60.

Vert det aktuelt å endra plassering eller vesentleg auke storleik på vindauga , må byggesak kontaktast for ei ny vurdering av om tiltaket er søknadspliktig eller ikkje.

Med venleg helsing

*Siril Sylta
Konstituert fagleiar
Byggesak
Areal- og miljøeininga*


Fra: Heidi Styve [<mailto:heidi@bestefarstova.no>]
Sendt: 15. september 2014 12:37
Til: Anne Lise Molvik
Emne: Setje inn vindu i einebustad

Viser til vårt byggeløyve, gards-og bruksnummer 202/154 på Hjelmås, og vonar du kan svare raskt og enkelt på følgjande spørsmål:

Vi har under bygginga sett at vi ynskjer eit vindu på nordsida av huset vårt, og kanskje eit på sørsida også. Det «bryt ikkje med husets karakter og utseende» å gjere det (pbl). Vi har ikkje bestemt oss for om vi skal setje inn vindauga før huset er ferdigstilt eller om vi skal gjere det til neste år.


Kan vi gjere denne endringa utan å søkje? Korleis går vi evt fram?

Illustrasjonen viser omtrentlig plassering av aktuelle vindu. Merk at illustrasjonen er svært enkelt laga til for å vise plasseringa, og det er ikkje tilpassa målestokk. Vi tenkjer at desse vindua skal vere ca 60 x 60 cm +/-.



Med helsing

Heidi Styve



Denne e-posten er fri for virus og uønsket programvare fordi [avast! Antivirus](#) beskyttelsen er aktiv.